



Dette er Uskedalsgjengen som var på fotballskule i Rosendal i fjor. Den blir atskillig mindre i år. (Foto: Ola Matti Mathisen)

I fjor var det 23 aktive spelarar frå Uskedalen med i Tine Fotballskule i Rosendal, men i år blir det ikkje så mange

. Inntil torsdag ettermiddag var berre 8 herifrå påmelde og primus motor Arvid Nes antar at det har samanheng med ferie-kollisjonar.

På den andre sida er han svært fornøgd med den totale oppslutnaden, ettersom det er påmeldt 91. Nes har utstyr til 100, men har sett taket på 95 – det er med andre ord plass til nokre få til.

Han opplyser at deltakarane kjem frå heile kommunen – frå Halsnøy til Hatlestrand – og det er innslag til og med frå Oslo og Bergen.

Men Nes presiserer at deltakarane derifrå har sluppe gjennom nålauget berre fordi dei har tilknytning til Kvinnherad og er på ferie her.

Fotballskulen startar måndag og held fram tirsdag og onsdag.

Av Ola Matti Mathisen